



STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref.: 2024/16875-3

Deres ref.: 2024/7877

Dato: 27.10.2024

## Innspel - Varsel om oppstart av arbeid med ny forvaltningsplan for verneområda - Hardangervidda

Me viser til brev av 11.09.2024 med varsel om oppstart av arbeid med ny forvaltningsplan for verneområda på Hardangervidda og moglegheita til å kome med innspel no ved oppstart.

Innspela er vurdert ut frå fylkeskommunens rolle som regional planstyresmakt med erfaringane knytt til oppfølging av Regional plan for Hardangervidda og handlingsprogram, fagstyresmakt for kulturminnevern, forvaltar av fylkesveg og i lys av fylkeskommunens oppgåver innanfor friluftsliv.

### Kort om saka

Dei tre statsforvaltarane og dei tre fylkesvise tilsynsutvala som er forvaltningsstyresmakt for Hardangervidda nasjonalpark, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, har varsla oppstart av arbeidet med å revidere forvaltningsplanen for verneområda. Det er ønskje om å knytte tilstanden for villreinen og sjå nærare på besøksforvaltning i verneområda. I tillegg viser dei til Stortingets handsaming av villreilmeldinga, og at det gjennom arbeidet med tiltaksplan for villrein (i tråd med forskrifta Kvalitetsnorm for villrein) er føreslått fleire endringar i verneområda på Hardangervidda for å kunne ivareta villreinen på ein betre måte. Det er ønskeleg å vurdere desse endringane som ein del av arbeidet med forvaltningsplanen, og foreslå endringar som er naudsynte, inkludert endringar i verneforskrifter.

### Innspel

Fylkeskommunen støttar at prosessen blir satt i gang nå fordi det er svært lenge sidan sist forvaltningsplanen blei rullert. Tida har forandra seg, og det er ei endra bruk av Hardangervidda. Talet på fritidsbustadar i randområda, utanlandske turistar og motorkøretøy har generelt økt. I tillegg støtter fylkeskommunen at det er riktig å igangsette prosessen nå, for å samkøyre fleire prosessar og følge opp arbeidet med tiltaksplan.

#### PLAN plan og miljø

**Postadresse:** Postboks 3563, 3007 DRAMMEN  
**Besøksadresse:** Hauges gate 89, 3019 Drammen  
**Telefon:** 32 80 85 00

**E-post:** [post@bfk.no](mailto:post@bfk.no)  
**Internett:** [www.bfk.no](http://www.bfk.no)  
**Org.nr.:** 930580260

Fylkeskommunen støttar at det kan skje endringar i verneforskriftene, blant annet at villrein bør være ei del av formålet og at verneforskriftene må moderniserast for å kunne gi forvaltninga dei verkemidla det er behov for.

Det må være ei god dialog med ramma kommunar, og utvidelese av verneområda bør vurderast saman med kommunane og grunneigarane.

#### Forholdet til Regional plan for Hardangervidda

Rulleringa bør skje i tett samarbeid med arbeidet til Hardangerviddarådet som følger opp den regionale planen for Hardangervidda. Fylkeskommunen setter pris på at Hardangerviddarådet får en sentral plass i prosjektgruppa, og at leder av rådet inviterast til å delta. I tillegg ber me statsforvaltarane bruke sin plass i Hardangerviddarådet til å involvere hele rådet, og ikkje minst leggje til rette for et godt administrativt samarbeid gjennom administrativ gruppe og i dialog med sekretariatet for Hardangerviddarådet.

Kartlegging av motorferdsel på Hardangervidda synar at det er vanskeleg å vurdere korleis ferdsele fordeler seg i tid og rom. Føresegner om ferdsel innafor verneområda er for vide til at data kan samlast på ei slik måte at dei kan samanstillast. Det er behov for å setje klarare rammar for motorferdsel.

I handlingsprogrammet til regional plan for Hardangervidda inneheld både besøksstrategi for verneområda og felles sti- og løypeplan for heile planområdet. Det er starta på eit samarbeid om å kome fram til felles løysingar som fylkeskommunen håpar at vil fortsette sjølv om arbeidet med rullering av forvaltingsplan settast i gang.

#### Friluftsliv på Hardangervidda

Friluftslivet på Hardangervidda har lange tradisjonar og starta som naudsynt ferdsel og guiding over vidda for å koma mellom aust og vest som einaste alternativ til å bruke båten langs kysten. Dei gamle ferdselsåra, Nordmannsslepene, vitjar om denne tida. Den første hytta til Den norske turistforening (DNT) var Krokan turisthytte på Rjukan (1868) og nettverket av stigar, løyper og hytter har utvikla seg med åra. Hardangervidda er lettgått og mange besøkande brukar fleire dagar på tur for å gå frå hytte til hytte eller for å fiske. Besøket på turisthyttene har ikkje endra seg mye sidan 70-talet, men med ei topp på 90-talet. Men allereie på 70-talet i NOU 1974:30 om Hardangervidda, ble det føreslått å leggje ned fotruter.

Kartlegging og verdsetting av friluftsliv i kommunane med områder på Hardangervidda visar at vidda er eit svært viktig friluftslivsområde. I eit regionalt perspektiv er det viktig at det også i framtida skal vere tilbod om å kunne gå lengre turar på merka ruter på Hardangervidda, men dei kan styrast i tid og rom av omsyn til naturmangfaldet. Fylkeskommunen med sin regionale rolle innan friluftsliv, har stor forståing for at villreinen treng større fredelege lommar i terrenget utan stigar som barrierar, og at det i sårbare periodar som høgvinter og kalvingsperiode, er behov for meir ro på vidda. Friluftsløva har eigne føresegner som skal ivareta omsynet til natur og miljø (friluftsløva § 11). Å styre ferdsel gjennom køyreløyver for stikking av løyper, nedlegging og omlegging av merka ruter og ha ei god dialog med

turisthytteeigarar og -vertar om opningstider, er ikkje å hemme allemannsretten, men ei god hjelp for utøvarane til å kunne ta dei omsyna som er forventa ut frå naturomsynet i friluftsløva.

### Omsyn til automatisk freda kulturminne

Forholdet til kulturminne og kulturmiljø er ein vesentleg del av formålsparagrafen til verna av Hardangervidda nasjonalpark. Korleis kulturminne og kulturmiljø kan opplevast i samanheng med resten av landskapet er derfor viktig å bevare og forvalta på ein måte som er i tråd med formålet.

Den gjeldande verneplanen har også eit tydeleg fokus på vern av Hardangerviddas rike kulturarv i kapittel 4.7 Kulturhistorie, kulturminne og kulturmiljø. Dette underkapittelet tek for seg dei største utfordringane slik at verneverdiane ikkje går tapt. Fleire av dei mest sentrale hovudgruppene for kulturminne blir mellom anna også gjennomgatte i dette underkapittelet.

Ei revidering av gjeldande forvaltningsplan gir høve til å greia ut forvaltningsstrategiar som betre dekkjer dagens behov med tanke på forvaltning, vern og endrande bruk av Hardangervidda. Etter at gjelda forvaltningsplan tredde i kraft, har me sett ein stadig aukande ferdsel i fjellet, noko som dermed har auka slitasjen på kulturminna, til dømes større slitasje på turveggar/stiar som går over eller gjennom viktige kulturminne, etablering av rasteplassar/bålplassar på kulturminne og bygging av vardar i sårbare kulturmiljø. Dette ringast kulturminna og opplevinga av kulturmiljø beståande av kulturminne som til dømes fangstanlegg, tuftar, grev, vardar, bogasteller og leiegjerde.

Mykje av dagens ferdsel går også føre seg langs tradisjonsrike veggar, eksempelvis Normannsslepene. Nokre stader har ein prøvd å skilta for å gi turgåarar informasjon om viktige verdiar der dei ferdast, men og for å informera om kor sårbare fleire av kulturminna er. Me har også prøvd å skilta fangstanlegg på ein måte som vil bidra til å kanalisera ferdsel på måtar som minskar slitasje og erosjon. Det er derimot ikkje nokon einskapleg plan eller ein samla strategi for korleis sårbare kulturminne blir tilrettelagt for turisme, samtidig som dei skal vernast. Ein framtidig besøksstrategi, saman med retningslinjer for utarbeiding av skjøtselsplanar og gjennomføring av skjøtselsarbeid, vil derfor bli svært viktig for å få til ei einskapleg tilrettelegging for dette på Hardangervidda.

Det er svært positivt at det skal opprettast ei prosjektgruppe for arbeidet med ny forvaltningsplan. Dette er eit stort arbeid som kravde mykje kartlegging av problemstillingar og dialog om gode forvaltingsmessige løysingar for vern og bruk av Hardangervidda. Etter dialog med Vestland og Telemark fylkeskommunar den 18. oktober 2024, har me komme fram til at Vestland fylkeskommune ved Øystein Monsen stiller som representant for tematikk når det gjeld kulturminnevern. Han vil representera alle dei tre fylka inn i det kommande arbeidet. Buskerud fylkeskommune, ved Merethe Osiris Kjølberg, stiller som vararepresentantar.

## Samferdsel

Planområdet rører ikkje ved fylkesvegnettet eller medfører vesentlege endringar på dagens trafikkforhold på fylkesvegen. Me har ingen merknader.

Venleg helsing

Hilde Hermundsgård Reine  
Fylkesdirektør

Lise-Berith Lian  
Spesialrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

STATSFORVALTEREN I ØSTFOLD, BUSKERUD, OSLO OG AKERSHUS